

8 konfirmandar samla inn 16 000

27.03.2012



Tone Helen Ljosnes Moen og Anita Miljeteig samla inn på Kjerlandsido (Foto: Ola Matti Mathisen)

På godt under 2 timar ikveld samla dei 8 konfirmandane på årets kull inn 15830 kroner i årets fasteaksjon til Kirkens Nødhjelp. Rett nok var innsamlinga styrkt med 5 vaksne førди dette er det minste kullet på lang tid, men likevel må resultatet karakteriserast som svært godt.

Ein far og son var faktisk så entusistiske at dei tok ein ekstrarunde i heimemiljøet for å auka summen. Innsamlinga var også hemma av at mange var borte i desse fine ettermiddagstimane.

Men dei som var heime tok svært godt i mot konfirmandane og var rause.

Dette er kullet som opprinnelig var 13, men som er redusert av utflytting:

Tone Helen Ljosnes Moen, Anita Miljeteig, Hermund Lomheim Døssland, Susanne Løland Eik, Are Telstø Legland, Lars Andres Sæbø, Bente Halvorsen og Victoria Arnesen Eik.

Innsamlinga vart som vanleg administrert av soknerådet med bedehuset som base og der fekk innsamlarane sjokolade, kaffe, pølser og brus då jobben var gjort. Fordi kullet vart utvida med vaksne vart bygda trass i alt brukbart dekka med innsamlarar og både unge og eldre gjennomførte dei 2 timane med entusiasme.

Men så var det også eit godt føremål.

Innsamlinga viste nok eingong at Uskedalen er ei god bygd når det gjeld å gje til gode føremål, anten gjennom innsamlingar, utlodningar elleær basarar.

Av Ola Matti Mathisen